

Grethe Sæle
Lønborglien 178
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11080 - 21/60321

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
14.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 353/12

Tiltak: Minireanseanlegg
Byggjestad: Gbnr: 353/12
Tiltakshavar: Grethe Sæle
Ansvarleg søkjar: Kvalheim Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest 02.09.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Søknad om endring av gjeve løyve.** Anlegget et ikkje bygd i samsvar med tidlegare innsendt situasjonsplan og er ikkje utført i samsvar med løyve. Tiltaket må nabovarslas på nytt.
2. **Nabosamtykke.** Plassering av tiltak nærmare nabogrense enn 4 meter treng samtykke frå nabo.
3. **Tiltak på naboeigedom.** Delar av tiltaket (rørtrasse) er lagd på naboeigedomen gbnr. 353/2. Nabo må gje skriftleg samtykke for denne delen av tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.10.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Grethe Sæle
Kvalheim Vvs AS

Lønborglien 178
Manger Senter

5039 BERGEN
5936 MANGER